

Kvam Herad
Grovagjelet 16
5600 Norheimsund

Bergen, 13.02.15

HØYRINGSUTTALE VEDR. UTVIDING AV EKSISTERANDE AKVAKULTUROMRÅDE, SAMT DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANENS AREALDEL I HØVE ETABLERING AV OPPDRETTSLOKALITET FOR LAKS VED KJEPZO

Vi syner til brev datert 10.11.2014 vedr. søknad frå Alsaker Fjordbruk AS om utviding av eksisterande Akvakulturområde (A), samt dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen i høve etablering av oppdrettslokalitet for laks ved Kjepso i Kvam herad.

Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland er eit samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjonar i Hordaland. Formålet er å styrke organisasjonane sitt arbeid med å ivareta natur- og friluftslivsinteresser i aktuelle saker i Hordaland fylke.

Om tiltaket

- Etablering av ny oppdrettslokalitet for laks ved Kjepso
- Utviding av Akvakulturområde (A) i kommuneplanens arealdel


Det går ikkje klart fram i søknaden i kor stor grad eksisterande A-område i kommuneplanen sin arealdel vil måtte utvidas for dette tiltaket, men me legg til grunn at det er ei vesentleg arealauke det er snakk om då det opphavlege området var tenkt som oppdrettslokalitet for hummar.

Oppsummering/konklusjonar

Havforskningsinstituttet sin rapport – "Risikovurdering norsk fiskeoppdrett 2013" oppsummerar i "4.5.1 Case Hardanger" at situasjonen i Hardangerfjorden for laksesmolt er tydeleg betra i 2013 (men mogleg auka infeksjon på seint (juni) utvandrande laks) og lakselus har hatt liten effekt (< 10% – "liten påverknad" av lakselusmitte på vill laksefisk) på laksesmolt. Årsaka er faktorar som miljø (låg sjøtemperatur, høg del ferskvatn) eller tiltak frå forvaltning/næring, som kan verta verre dersom miljøføresetnadane vert endra til meir fordelaktig for lakselusa, eller om lusemotverkinga tapar effektivitet. Sjøaure får derimot ein høg belastning utover sommaren (> 30% – "stor påverknad" av lakselusmitte på vill laksefisk), spesielt i midtre Hardanger, sjølv om den er tydeleg betra frå 2012¹.

Vidare under "Sammendrag og konklusjoner" skriv dei at "smittepress fra lakselus og genetisk påvirkning av rømt oppdrettslaks vurderes fremdeles som de mest problematiske risikofaktorene knyttet til lakseoppdrett" og "smittepress av lakselus er beregnet ut fra ukentlige lusedata fra alle oppdrettsanlegg langs kysten i 2013 og viste i hovedsak samme mønster som tidligere år. Ett unntak var lavere smittepress på Vestlandet, mens det var noe høyere i Nord-Norge enn tidligere år. Det var lavt smittepress om våren, og deretter en kraftig økning utover sommeren. En detaljert analyse av smittepresset i Hardanger i ukene 21-36 viser hvor avgjørende utvandringstidspunktet er for risiko for lusesmitte på vill laksesmolt".


10 av 18 villaksstammer i Hordaland fylke ligg i region Hardanger². Berre 2 er open for fiske; Etneelva i Etne kommune og Uskedalselva i Kvinnherad kommune, mens Eidfjordvassdraget (Eidfjord kommune), Fjæraelva (Etne kommune), Hattebergselva (Kvinnherad kommune), Granvinsvassdraget (Granvin herad), Jondalselva (Jondal kommune), Kinso (Ullensvang herad), Opo (Odda kommune),



Steinsdalselva (Kvam herad) er stengt for laksefiske. Dei ville lakse- og sjøaurebestandane er lågare enn nokonsinne². Det er kritisk for dei fleste laksestammer, mens mange sjøaurestammer er sterkt reduserte. Lakseoppdrettsnæringa har i tiår hatt ei ekspansiv utvikling utan at forskings- og forvaltingssektoren har utvikla seg i same tempo, slik at kartlegging av miljøeffektar og iverksetting av potensielle tiltak har hengt etter utviklingsprosessen. I dag har desse områda byrja å nærme seg, men tiltaka har så langt ikkje vist prov på betring for laksefiskbestandane i Hardangerfjorden, i motsetnad til i t.d. Nordhordland. Totalt sett tydar dette på at oppdrettsnæringa **ikkje** er berekraftig i Hordaland. FNF Hordaland ser det som svært viktig at dei ville lakse- og sjøaurebestandane vert tekne vare på og forsøkt gjenoppretta til tidlegare nivå. I tabell 1 nedanfor er truslane mot dei viktigaste laksestammene i Hordaland vist.

Tabell 1: Truslar mot utvelde laksestammar i Hordaland, kvar laksestammene i Hardangerfjorden er uthava med feit skrift. Forklaring: X – noko påverka, XX – tydeleg påverka, XXX – sterkt påverka/truga. Tabellen er henta frå Miljøstatus (2014)

| Vassdrag | Forsuring | Regulering | Rømt laks | Lakselus |
|------------------|-----------|------------|------------|------------|
| Frøyset | XX | X | XX | X |
| Ekso | XX | XX | XXX | XX |
| Vosso | | X | XXX | XXX |
| Dale | XX | XX | XX | XX |
| Lone | | | XX | XX |
| Arna | | X | XXX | XX |
| Os | | | XXX | XX |
| Tysse | XX | XX | XX | XX |
| Steinsdal | | | XXX | XXX |
| Granvin | | | XXX | XXX |
| Eidfjord | | XX | XXX | XXX |
| Kinso | | | XXX | XXX |
| Opo | X | | XXX | XXX |
| Jondal | X | X | XXX | XXX |
| Hatteberg | XX | | XXX | XXX |
| Uskedal | XX | | XXX | XX |
| Fjæra | X | | XXX | XX |



forum for
natur og
friluftsliv

| | | | | |
|------|--|---|-----|----|
| Etne | | X | XXX | XX |
|------|--|---|-----|----|

FNF Hordaland påpeikar at det er viktig å ta omsyn til naturmangfaldlovas § 10 som seier at ein påverknad gjort på eit økosystem skal verta vurdert ut frå den samla belastinga dette økosystemet er eller vil verta utsett for. Vi meiner at grunna dagens problem rundt negative miljøkonsekvensar i oppdrettsnæringa mtp. forureining, lakselus, resistens og rømming må grundigare og meir omfattande undersøkingar gjerast, som gjev prov på at lakseoppdrett, slik som den vert praktisert i dag, ikkje fører til negative natur- og miljøkonsekvensar. Dette må føreligge før ein vurderar å tillate lakseoppdrett i indre Hardanger. Dette jf. §§ 8–9 i naturmangfaldlova om hhv. kunnskapsgrunnlaget og føre-var-prinsippet. Vi er svært negative til at lakseoppdrett vert oppretta i indre del av Hardanger.


Tilråding

- Vi tilrår difor at det omsøkte tiltaket **ikkje** får dispensasjon.

Med vennleg helsing

Johanna Myrseth Aarflot
Fylkeskoordinator
FNF Hordaland

Alv Arne Lyse
Fylkessekretær
Norges Jeger- og Fiskerforbund



Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkeskommune
Hardangerfjord Villfisklag

Referansar:

¹: Taranger, G. L. *et al.* 2014. Risikovurdering norsk fiskeoppdrett 2013. *Havforskningsinstituttet, Fisken og havet, særnummer 2-2014*. (Åpnet 19.03.14, http://www.imr.no/filarkiv/2014/01/risikovurderingen_2013.pdf/nb-no, 5-6, 33-37).

²: Miljøstatus - Hordaland. 2014. (Åpnet 19.03.14, <http://fylker.miljostatus.no/Hordaland/Tema-A-A/Dyr-og-planter/Fisk/Laks-og-sjoaure/>).